



Gunvald Friheim under eit tidlegare Kvinnheradløp

Gunvald (75) og Marit (62) Friheim stiller søndag opp for 31. gongen i Kvinnheradløpet og det betyr at dei ikkje har skulka ein einaste gong! Uskedalingen som flytta til Rosendal i 1970 og nyleg fekk Frivilligprisen for dette året opplyser i kveld til uskedalen.no at formen er fin og at han har gjort unna runden på vel 9 kilometer også i dag. Både han og andre er no spente på om det i år kan bli deltakar-

rekord og om 1000-talet kan bli passert. Rekorden frå 1990 med 968 står framleis og det er på høg tid at den blir slege..

Sidan har talet på dei som går variert mellom 600 og 800 og altså vore relativt stabilt medan talet på dei som har stilt opp i konkurranseklassa har gått ned. Tek det seg kanskje opp att dette året? Vigdis Bringedal Holst og Terje Aggvin har 8 sigrar kvar.

Når det gjeld dei gåande har 94 gått minst 20 gonger og seks har overhodet ikkje skulka. Utanom ekteparet Friheim er det Ivar Ellingjord, Magne Enes, Jostein Mehl og Knut Riise.

I Kvinnheradløpet kan ein vera med uansett form eller alder og løpet har som ein skjønar også ei viktig sosial side i tillegg til tevlinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen